



Meland kommune

Innkalling
til
Ungdomsrådet

Møtedato: 18.01.2018
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 14.00 - 16.30

Eventuelle forfall må meldast til Ane Bysheim per tlf. 56171066, sms til eller per epost til ane.bysheim@meland.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Møteleiar Silje Nordal

Sekretær Ane Bysheim

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2018	Godkjenning av møtebok
03/2018	Referatsaker
03/2018.1	VS: Invitasjon til Ungdommens fylkesting 2018
03/2018.2	Mål- og handlingsplan for grunnskulen i Meland 2018 – 2020
03/2018.3	SV: Storsamling/invitasjon
04/2018	Ungdomsrådet - valg av representant til referansegruppe i prosjektet "Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø"
05/2018	Planoppstart Langelandskogen områdeplan - ungdomsrådet
06/2018	Ungdomsrådet uttale - Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom 2018
07/2018	Aktuelle saker

27. mars 2018

møteleiar

Ane Bysheim
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		17/3120

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
01/2018	Ungdomsrådet	PS	18.01.2018

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/3120

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
02/2018	Ungdomsrådet	PS	18.01.2018

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Ungdomsrådet - 09.11.2017

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Møtebok vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		17/3120

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
03/2018	Ungdomsrådet	PS	18.01.2018

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
03/2018.1	VS: Invitasjon til Ungdommens fylkesting 2018
03/2018.2	Mål- og handlingsplan for grunnskulen i Meland 2018 – 2020
03/2018.3	SV: Storsamling/invitasjon

Saksopplysningar:

Invitasjon til fylkessamling 2018

Invitasjon til Storsamling for ungdomsråda i Meland, Radøy og Lindås.

Mål- og handlingsplan for grunnskulen i Meland 2018 - 2020

Framlegg til vedtak:

"Meldingane vert tekne til orientering."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		18/90

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
03/2018.1	Ungdomsrådet	RS	18.01.2018

VS: Invitasjon til Ungdommens fylkesting 2018

Vedlegg:

Invitasjon, UFT, 2018

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FE - 144	17/2768

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
	Utval for levekår	RS	
03/2018.2	Ungdomsrådet	RS	18.01.2018
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	RS	

Mål- og handlingsplan for grunnskulen i Meland 2018 – 2020

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		18/92

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
03/2018.3	Ungdomsrådet	RS	18.01.2018

SV: Storsamling/invitasjon

Vedlegg:

SV Storsamlinginvitasjon

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		18/89

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2018	Ungdomsrådet	PS	18.01.2018

Ungdomsrådet - valg av representant til referansegruppe i prosjektet "Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø"

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I vedtak frå kommunestyret 29.3.2017 i sak nummer 35/2017 står det:

«(...) Rådmannen blir beden leggje fram sak for Utval for levekår og kommunestyret med konkrete framlegg til tiltak for å hindra mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen. På ULK-møtet 30. mai skal politikarar og administrasjonen/rektorar drøfte ytterlegare tiltak for å hindre mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen (workshop). Kommunestyret må få saka til handsaming seinast i møtet 14.06. 2017».

På workshop i Utval for levekår 30. mai deltok rektorane, helsesystemer, psykolog frå PPT, representant frå ungdomsrådet, FAU-representantar, kultur- og ungdomskonsulent, samfunnsutviklar, kommunal barnehageleiar, Utdanningsforbundet, rådgjevar helse og skulefagleg rådgjevar. I tillegg var tre eksterne representantar invitert med, to frå Regionalt kompetansesenter for barn og unge (RKBU) og PP-leiar/prosjektleiar for «Trygg i Fjell» frå Fjell kommune. Det kom inn til saman 154 innspel.

Kommunestyresak nr. 92/2017 ArkivsakID 17/1349 står det:

«Kommunestyret viser til saksutgreiing og innspel frå workshop i Utval for levekår 30.05.17. Aktuelle tema frå workshop vert å handtere innan tenesteområde sine noverande system. Skuleåret 2017 - 2018 skal skulane prioritere bruk av tid og kunnskap til å realisere dei nye reglane i § 9 a i Opplæringslova om skulemiljø, som er gjeldande frå 01.08.17.

Kommunestyret ber rådmann etablere eit 2-årig prosjekt for perioden 2018 - 2019. Kostnad er estimert til kr. 2 million, og vert fordelt som følgjer per år:

- Kr. 800.000,- til miljøarbeidarstilling (100%). Stillinga skal sikre prosjektleiing, leiing av beredskapsteam mot mobbing, planarbeid og leggje til rette for dialog, nettverksbygging og miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Dette arbeidet inkluderer samhandling med frivillige lag og organisasjonar.

- Kr. 200.000,- til rekrutteringsarbeid, kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøter. Prosjektarbeidet skal gje mulighet for å arbeide meir overordna, systematisk, langsiktig og breiare med omsyn til oppvekst- og skulemiljø. Tiltaket kan finansierast ved bruk av disposisjonsfond.»

Vurdering:

Det er no tilsett ein prosjektleiar i 100% stilling i 2 år. Det arbeidast no med utforme eit

prosjektmandat for stillinga. I utkast til mandatet er det forslag om følgjande mål og organisering:

Hovudmål (overordna)

- Sikre barn og unge eit trygt og godt skule- og oppvekstmiljø
- Sikre nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering

Innsatsområder (Innsatsområda er vegen vi vel å gå)

- Skape gode oppvekstmiljø - saman
- Demokrati og medborgarskap

- Livsmestring og folkehelse

Resultatmål

Resultatmåla skal sikre at vi når dei overordna måla og er direkte kopla til innsatsområda. Vi bruke innspel frå workshop 30.05.2017 når resultatmål og tiltak blir valt.

Styringsgruppe:

1. Hilde Brendehaug Hugaas (Tenesteområdeleiar Meland ungdomsskule og VO)
2. Eirik Bouwer Utne (Tenesteområdeleiar Kultur)
3. Helge Kvam (seniorrådgjevar Helse)
4. Reidun Elin Johannessen (Skulefagleg seniorrådgjevar)

Prosjektgruppe: Marihøna barnehage, Grasdal skule , PPT , Kultur/ungdomskonsulent

Referansegruppa: Ungdomsrådet, Idrettsrådet, FAU barnehage, FAU skule Sagstad skule, FAU Rosslund skule, Barnehage, Frivilligsentralen, Salto, Meland Aktiv, Utdanningsforbundet, Fagforbundet , *Politi? (Ikkje avklart)*

Konklusjon Skulefaglig seniorrådgjevar Reidun Elin Johannessen orienterer om prosessen i møtet. Ungdomsrådet diskuterer og vel representant med vara til gruppa.

Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		18/86

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
05/2018	Ungdomsrådet	PS	18.01.2018

Planoppstart Langelandskogen områdeplan - ungdomsrådet

Vedlegg:

125720170004_Varslingsgrense_12.12.2017

12572017004_Varslingsbrev-12.12.2017

12572017004_Planprogram_2017-12-12.Høyringsutkast

Varsel om planoppstart og høyring av planprogram Langelandskogen områdeplan

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I medhald av plan- og bygningslova (PBL) § 12-8 og § 12-9 vert det varsla oppstart av planarbeidet med konsekvensutgreiing for området Langelandskogen og delar av Frekhaug nord i Meland kommune. Forslag til planprogram er lagt ut til høyring og offentlig ettersyn. Planarbeidet skal utførast som eit offentleg-privat samarbeid mellom Meland kommune og Vest-land eiendom AS. Meland kommune er planmynde og Multiconsult Norge AS er plankonsulent.

Føremålet med planarbeidet

Mesteparten av Langelandskogen er sett av som utbyggingsområde i den gjeldande kommuneplanen sin arealdel (felt BT_2). Føremålet med planarbeidet og konsekvensutgreiing er å legge til rette for utvikling av Langelandskogen og delar av Frekhaug senter med service- og tenesteytande funksjonar, bustader, næring, og grøntstruktur. Langelandskogen, Lonena, Fossesjøen og Sagstad skal gjennom tilrettelegging i områdeplanen koplase saman og styrke området sin tettstadsidentitet. Områdeplanen skal legge til rette for fylgjande byggeformål: Ungdomskule/symjehall, omsorgsbustader, barnehage, bustader og næring/kontor. Kyrkje/kulturhus skal også vurderast som en del av planarbeidet.

Vurdering

Planen vert persentert for ungdomsrådet i møtet.

Konklusjon

Diskusjon og vedtak i møtet.

Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		18/87

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2018	Ungdomsrådet	PS	18.01.2018

Ungdomsrådet uttale - Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom 2018

Vedlegg:

Aktiv sommar i Meland

Ferieaktiviteter for barn og ungdom

Kultur på kort

Kystgarden Ypsøy

Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom - prioritert liste over søknadar(1)

Prioritert liste knutepunktsgurppa(1)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bufdir utlyser tilskudd til tiltak som reduserar konsekvensane av barnefattigdom. Meland komme si knutepunktsgurppe har prioritert søknadane, og ungdomsrådet bes å komme med ei prioritering og vurdering. Uttalen går vidare til ULK si vurdering.

Vurdering

Nina Randal i Frvilligsentralen kjem i møtet og gjer ein kort presentasjon av dei fire prosjekta.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Ungdomsrådet vurderer søknadane i møtet og kjem med uttale.

Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim		17/3120

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
07/2018	Ungdomsrådet	PS	18.01.2018

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak: